

ÅRSMELDING 2023

BORDGLEDER KINN KOMMUNE KF



Styret i Bordgleder har i 2023 hatt slik samansetnad:

Jacob Nødseth (styreleiar), Bjørn Løkkebø Halsnes, Torgunn Eikevik (nestleiar), Petter Refsnes, og Tore Skarstein (tilsette sin representant frå oktober 2023, før det var Kathrine Agledal tilsette sin representant i styret).

Bordgleder dreiv i 2023 eit aktivitetsomfang som inneheld fleire kundegrupper. Dei største er kommunen sine institusjonar og heimebuande i Kinn kommune, og ferjeselskapa Norled AS og Boreal AS.

Omsetninga er delt 75,40% og 24,60% mellom kommunale og eksterne (her under heimebuande privatpersonar). Totale driftsinntekter i 2023 var kr 20.7080.075.-

Bordgleder har vore opptatt av å ha ein best mogleg dialog med kundane våre, særleg institusjonane i kommunen, og er opptatt av å vere på tilbodssida ved ulike arrangement i lag med kommunen sitt prosjekt «Leve heile livet», ønskje som ein kjem med frå omsorgstenesta og pårørande mv. Dette er eit arbeid vi vidarefører og forsterkar inn i 2024.

Levering Kinn kommune

- Matutkøyring: Levering til heimebuande.
- Dagtilbod:
Levering dagtilbod i Florø sentrum.
Levering dagtilbod i Eikefjord .
Ressurssenteret for demensramma i Måløy
Dagsenteret for miljøtenesta i Måløy
- Institusjonane:
Levering til Kulatoppen omsorgssenter
Levering Florø Omsorgssenter
Levering Furuhaugane Omsorgssenter
- Markegata 55
- Levering av møtemat til Kinn kommune

Eksterne leveringsavtaler 2023:

Norled AS
tre ferjer i Sogn.
Kioskmat på enkelte ferjer

Boreal AS
To ferjer i Møre og Romsdal.

Fjord1 frem til 31.01.2023
35 ferjer frå Stavanger i sør til Ofoten (Harstad) i nord

Økonomisk resultat:

Budsjett for 2023 vart vedteke hausten 2022. I desember 2022 vart det avklart at Fjord1 etter anbudskonkurranse hadde vald ein annan leverandør enn Bordgleder. Frå 1. februar 2023 har Bordgleder ikkje levert til Fjord1, men har framleis andre eksterne leverandørar.

Bortfallet av Fjord1 representerer eit betydeleg bortfall av produksjon/inntekter/utgifter. Dette er grunnen til det store avviket mellom opphavleg budsjett og regulert budsjett. Regulert budsjett er altså driftsbudsjettet tilpassa at Fjord1 er ute av porteføljen.

I 2023 har Bordgleder vore i ein «limbo-situasjon» der det har vore skapt uvisse knytt til KF Bordgleder sin eksistens, og prosjekt nytt kjøkken. Dette gjer at ein ikkje har kunne posisjonere seg i den eksterne marknaden så godt som ein hadde kunna gjort om ein ikkje hadde hatt desse forstyrrende eksterne faktorane i kommunestyret.

Når desse spørsmåla i 2023 vart avklara med innflytting i nytt kjøkken i 2024 ventar ein at ein kan ha ei meir målretta satsing på utvida eksterne marknadsandelar, særleg når ein er på plass i nytt kjøkken og dermed kan sjå framover – og utover.

Bordgleder KF har i 2023 eit negativt netto driftsresultat (underskot) på kr 10.054.- I note nr.19 i rekneskapen kommer det frem at det er kr.100.807.- i sal 2023 som fakturert og regnskapsført i 2024. Det ville gjeve foretaket eit overskot i 2023.

I note nr.19 fremkommer det også et krav kr.257.951.- som er omstridt og ikke avklart p.t.

Avvik mellom budsjett og regnskap har sammenheng med at forventet levering til Kinn Kommune var kr.2.2383.547.- ble lavere i 2023 enn budsjettet. Kostnadene ved drift var det kontroll på.

Styret er nøgd med drifta, måloppnåinga og dei økonomiske resultata i 2023 Det har vore stort fokus på oppfølging av rekneskap mot budsjett og å følgje med på prisfastsetting slik at prisane til kundane gjev forteneste på produksjonen og samstundes har eit fornuftig nivå. Dette har særleg vore viktig i relasjon til vår leveranse til Kinn kommune, og er noko omsorgstenesta har vore opptatt av. Bordgleder gjennomgår rutinar for drift og økonomi, og har funne fleire område der ein kan effektivisere og drive meir lønsamt, utan at det går utover kvaliteten.

Bordgleder fakturerer alle sine kundar innan den 5. i påfølgande månad,

Eit strategisk og taktisk arbeid med den totale økonomistyringa i foretaket har vore viktig for styret og dagleg leiar, også fordi dette var noko kontrollutvalet påpeika i deira tidlegare handsaming av rekneskap og årsmelding for tidlegare driftsår. Vidare fokus på dette arbeidet i 2024 vil trygge den økonomiske utviklinga og handleevna over tid.

Andel av foretaket sine inntekter som kom frå eigen kommune	75,40%
Andel av foretakets inntekter som kom frå andre	24,60 %



Personale og anna drift

Bordgleder hadde i 2023 9,5 årsverk fordelt på 10 tilsette. Ein av våre tilsette har velferdspermisjon.

Bordgleder har eit samarbeid med Måløy vidaregåande skule om utdanning av kokkar, der vi mellom anna har elevar på utplassering. Slik bidreg Bordgleder til rekruttering til yrket og til grunnlaget for Måløy vgs.

Bordgleder hadde i 2023 eit sjukefråvær på 12,8% som er samansett mellom arbeidsrelaterte belastningsskadar og ikkje arbeidsrelatert fråvær. Med nokre enkelttilsette som har vore ute i langtidssjukefråvær slår dette stort ut i statistikken i ein liten organisasjon. Bordgleder har i mange år hatt eit høgt sjukefråvær i organisasjonen, noko som er ei vanleg problemstilling i bransjen. Styret konstaterer difor som svært positivt at sjukefråværet har gått betydeleg ned i 2023 kontra 2022.

Bordgleder har i 2023 halde på med planlegging av nytt kjøkken og prosessar i kommunestyret og i dialog med kommunedirektør. I 2023 vart det gjort mange viktige prosessavklaringar og i desember 2023 vart det endeleg avklart kven som skal stå for bygging av kjøkkenet. Konkret prosess med bygging, innreiing og innflytting vil skje i løpet av første halvår 2024.

Bordgleder KF registrerer avvik gjennom året, gjennom Kinn kommune sitt avvikssystem Compilo. Dagleg leiar orienterer styret fast i kvart styremøte som del av ordinær driftsrapportering om utvikling i tal avvik og oppfølging av ev. alvorlege avvik. Styret konstaterer at det ikkje ligg føre alvorlege avvik i 2023.

For å redusere matsvinnet i føretaket har Bordgleder en avtale med asylmottaket slik at deira busette har glede og nytte av mat som er til overs. Vidare er vi delaktig i «Too good to go» der kven som helst kan kjøpe middagar vi har til overs.

Arbeid med etikk, likestilling mv.

Jamfør kommunelova § 14-7 har styret to kvinner (også nestleiar) og tre menn, og er såleis kjønnsbalansert. Det er like mange menn som kvinner av dei tilsette. Tillitsvald er kvinne. Dagleg leiar arbeider målretta for å sikre eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø tufta på allmenne forventningar til likestilling mv. slik det m.a. går fram av aktivitetsplikta etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Vidare utfordringar/prioriterte arbeidsoppgåver i 2024, sett i lys av 2023

- Bordgleder jobber med at lage en strategisk plan for hvordan en skal få til en vekst i nye marknader. Fleire eksterne kunder vil bidra til at drifta av nytt kjøkken vil bli rimeligere for Kinn kommune og gi et bedre mattilbud for innbyggjarane i Kinn kommune som får levert mat fra oss.
- Det må på plass ein avtale mellom Kinn kommune og Bordgleder over kva Kinn kommune vil Bordgleder skal levere. I dag eksisterer ingen slik avtale og det er uklære forventningar om kva Bordgleder skal levere. Ein slik avtale må vere grundig og godt forankra i kva Kinn kommune forventar føretaket skal levere. Mykje av utfordringa til Bordgleder kan eliminerast med ei slik avtale. Då får dei tilsette i Kinn kommune ei forventningsavklaring som vil vere med å skape ordna forhold. En slik avtale «Rutinar for samhandling mellom Kinn kommune og Bordgleder» er klar og den venter sidan oktober 2023 på signering frå Kinn kommune etter at denne vart kvittert ut på eit møte mellom leiinga i Bordgleder og Kinn kommune.
- Redusere antall årverk i 2024 med 2,9 årsverk som resultat av at vi ikke skal levere til Måløy etter 6.mai 2024
- Innflyting og «innkøyring» i nytt kjøkken, med vekt på effektivisering, forenkling og godt arbeidsmiljø.
- Vidareutvikle rutinar for samhandling og dialog med øvrige tenester i Kinn kommune, både kundar (t.d. institusjonane) og leverandørar (t.d. rekneskapsavdelinga).
- Bordgleder leverer mat til omsorgstrengande og andre i Kinn kommune. Føretaket er opptatt av å «ikkje gå andre i næringa» lokalt, men utvikle ei bedrift som sikrar kommunale arbeidsplassar og høg kvalitet i dei tenestene vi leverer.
- Vidareutvikle rutinar for samhandling om menyval og kvalitetsbetring med representantar for dei eldre.